



VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

## Vedtak i klagesak - Vinje - 77/41 - tilknytning til avlaupsanlegg

Statsforvaltaren viser til klagesak mottatt her 29.06.2022.

### Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren tar ikkje klaga til følge.

Statsforvaltaren stadfester Vinje kommune sitt vedtak datert 30.03.2022.

Vedtaket til Statsforvaltaren er endeleg og kan ikkje klagast på til overordna forvaltningsorgan, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28.

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld søknad om løyve til tilknytning til eksisterande privat avlaupsanlegg. Tilknytninga skal skje frå Vinjesvingen 2428 (som er bruksendra frå låvebygg til bustadhus) til eitt av dei eksisterande avlaupsanlegga som høyrer til Vinjesvingen 2424.

Eigar og einaste brukar av avlaupsanlegget har samtykka i tilkoplinga.

Vinje kommune fatta den 30.03.2022 følgjande vedtak:

*«I medhald av pbl § 27-2 vert det gjeve løyve til at bustaden på Vinjevegen 2428 koplar seg til eksisterande infiltrasjonsanlegg tilhøyrande Vinjevegen 2424 – det gjeld anlegget med slamavskiljar på 9,5 m3.»*

Arne Olav Allum Svalastog v/advokat Ståle Lund Johansen påklaga vedtaket den 31.03.2022. Han eig og bur på naboeigedomen gbnr. 77/10.

Vinje kommune v/planutvalet vedtok i møte 25.05.2022 å ikkje ta klaga til følge.

Statsforvaltaren legg til grunn at partane er kjent med innhaldet i dokumenta i saka. Vi refererer derfor ikkje ytterlegare frå disse.



Statsforvaltaren ved Justis- og verjemålsavdelinga handsamar klaga etter delegert mynde frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Ved behandlinga av ei klage kan Statsforvaltaren prøva alle sider av saka, og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34 anna ledd. Statsforvaltaren skal vurdere dei synspunkta klagar har komme med, og kan òg ta opp forhold som ikkje er rørt av klagaren. Statsforvaltaren kan oppretthalde kommunen sitt vedtak, gjere om vedtaket, eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til kommunen til heilt eller delvis ny behandling, jf. fvl. § 34 fjerde ledd

## MERKNADER FRÅ STATSFORVALTAREN

### Opplysningar i saka

Saka er tilstrekkeleg opplyst etter fvl. § 17, og Statsforvaltaren kan avgjere den på grunnlag av dei opplysningane vi har.

### Klagefrist og klagerett

Klagar har klagerett og klagen er rettidig.

### Klagar sine merknader

Klagar sine merknader er gitt i klaga 31.03.2022 og i brev av 07.07.2022.

Klagar skriv i klaga at det ikkje føreligg formell søknad og skriv vidare mellom anna følgjande:

*«Spørsmålet om tilkobling til et eksisterende avløpsanlegg reguleres av forskrift om utslipp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande i Vinje. Forskriften er gitt med hjemmel i forurensningsloven § 12-6.*

*Av forskriften § 6 fremgår det at det er søknadsplikt for tilkobling til et eksisterende anlegg. Videre angir bestemmelsen konkret hva en søknad skal inneholde. I denne saken foreligger det ingen søknad. Det foreligger i alle fall ingen fullstendig søknad som følger kravene i forskriften § 6. En eventuell søknad skulle også vært sendt til berørte parter (bla. Svalastog) med fire ukers frist til uttalelse, jf. forskriften § 6 (3).*

*Feil i saksbehandlingen har medført at kommunen har vurdert forhold i saken som ikke er relevante. I tillatelsen har kommune kun lagt vekt på størrelsen til slamavskilleren. Svalastog har imidlertid aldri hevdet at slamavskilleren ikke er stor nok. Det stilles derimot en rekke andre krav til et slikt anlegg, jf. forskriftens § 8 til § 13. Det grunnleggende her er at eksisterende anlegg på gbnr. 77/41 ikke fyller gjeldende forskriftskrav.*

*Eksempelvis skal anlegget ha dokumentasjon på utslippkonsentrasjoner, jf. § 9. Dette foreligger ikke i saken. Alle anlegg skal også ha godt tilrettelagt mulighet for prøvetaking, jf. § 8. Det er ikke prøvetakingskum på anlegget.*

*Uttalelsen fra Morgedal Rør AS datert 18.03.22 (partsinnhentet) er ikke tilfredsstillende dokumentasjon på at anlegget fyller forskriftens krav.*

*Kommunen har derfor fattet et vedtak uten å forsikre seg om at vilkårene er til stede. Det er også oppsiktsvekkende at kommunen gir en slik tillatelse når område fra før er plaget av algevekst og gjengroing pga. stor tilførsel av næringsstoffer til elva.»*



I brevet av 07.07.2022 skriv klagar mellom anna at pbl. § 27-2 ikkje gir kommunen heimel til å tillate tilkopling til eksisterande avlaupsanlegg. Klagar har vidare fleire påstandar knytt til utslepp og forureiningslova m/forskrifter og skriv mellom anna:

*«Vinje kommune har imidlertid kommet til at forskriften ikke kommer til anvendelse i denne saken. Vinje kommune har lagt avgjørende vekt på at eksisterende slamavskiller i avløpsanlegget er på 9,5 m3. De mener derfor at anlegget har stor nok kapasitet for to boliger. Dette er imidlertid ikke en riktig forståelse av regelverket.»*

### **Statsforvaltaren sin vurdering av klaga**

Kommunen har gitt løyve til tilknytning til privat avlaup etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren skal avgjere klaga på dette vedtaket. Statsforvaltaren skal ikkje ta stilling til tilhøvet til forureiningslova. Vi syner likevel til kommunen sin klagehandsaming der dei skriv følgjande:

*«På bakgrunn av den vurderinga som vart gjort av anleggets tekniske tilstand, vurderte kommunen at anlegget var av ein slik kvalitet at det ikkje var nødvendig med ny behandling etter forureiningsforskrifta.»*

Kommunen har oppgitt pbl. § 27-2 som rettsleg grunnlag for å gi løyve til tilknytninga. Statsforvaltaren syner til at det er pbl. § 27-3 som er det rettslege grunnlaget for å gi løyve til tilknytning til eksisterande privat anlegg. Pbl. § 27-3 første setning lyder slik:

*«Plan- og bygningsmyndigheten kan tillate tilknytning til private vann- og avløpsanlegg.»*

Statsforvaltaren finn at kommunen har vurdert dei relevante momenta som gjeld tilknytning til privat anlegg etter pbl. § 27-3. Statsforvaltaren finn derfor at den omstende at kommunen har vist til pbl. § 27-2 er utan betydning for innhaldet i vedtaket.

Tiltakshavar v/sivilarkitekt Dagur Eggertsson skriv i notat 15.11.2021 at bygningen skal knyte seg til det eksisterande vann- og avlaupsanlegget. Statsforvaltaren meiner at det er grunnlag for kommunen å handsame dette som ein søknad.

I vedtaket 30.03.2022 der kommunen gir løyve, skriv kommunen følgjande:

*«Ing. Svein Tveiten ved Morgedal Rør har stadfest at det er kapasitet nok i det store anlegget til at bustaden på Vinjevegen 2428 kan kople seg til. Tveiten konstaterer også at infiltrasjonsanlegget til anlegget ser ut til å fungere tilfredsstillande.»*

I klagehandsaminga har kommunen følgjande konklusjon:

*«I samsvar med forureiningslova § 23 vart vedtaket om løyve til tilknytning for ny bueining på gbn. 77/41 til eksisterande anlegg på eigedommen handsama berre etter plan- og bygningslova og ikkje etter forureiningslova.»*

*Eksisterande anlegg er eit lovleg etablert anlegg med stor overkapasitet som er vurdert å vere i god stand og velfungerande. Vurderinga til kommunen var at det var fornuftig å kople seg til dette anlegget. Særleg fordi dette også er i tråd med krav i kommuneplanens arealdel § 1.4 om at felles avlaupsløysing må vurderast der dette er mogleg.»*

Statsforvaltaren syner til at eigar (og einaste brukar) av eksisterande avlausanlegg samtykker til tilknytninga. Det er derfor ikkje noko motsetnadstilhøve mellom eigar og søkar. Dette taler for å samtykke i tilknytninga.



Kommunen har vurdert at det er fornuftig å kople seg til anlegget, særleg fordi dette også er i tråd med krav i kommuneplanens arealdel om at felles avlaupsløysing må vurderast der dette er mogleg.

Statsforvaltaren meiner at kommunen har grunngitt sine vurderingar tilstrekkeleg og at vedtaket er basert på korrekt lovforståing. Statsforvaltaren sluttar seg til kommunen sin skjønnsutøving i denne saka. Vilkåra for å tillate tilkopling etter § 27-3 er oppfylt.

\*\*\*

Statsforvaltaren stadfester Vinje kommune sitt vedtak av 30.03.2022. Det vil si at klagar ikkje har fått medhald i klaga.

Med helsing

Mette Biering  
fagsjef

Svend Falkanger  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Giovanni Filippo Cozzi	Jordivegen 60	3890	Vinje
Oscar Johan Garnes	Vinjevegen 2424	3893	Vinjesvingen
Tone Svalastog Garnes	Vinjevegen 2424	3893	Vinjesvingen
Arne Olav Allum Svalastog	Heievegen 471	3893	Vinjesvingen
LARVIKADVOKATENE AS	Postboks 104	3251	LARVIK
Nils Johan S Garnes	Jordivegen 60	3890	Vinje